



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 18.06.2024 kl. 17:30-20:30

Stad: ASKVOLL

Frammøtte medlemmer/varamedlemmer:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Terje Mork	Nestleiar
Jostein Gryte	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Frida Melvær	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Tommy Erdal	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem

Forfall:

Arnt Johny Langeland	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem
Synnøve Melvær	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2024/13		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2024/14		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 07.05.2024	RUNE ZIENER
SR 2024/15		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2024/16		Budsjettjustering 2024	RUNE ZIENER
FR 2024/17	UO	Unntatt offentlighet	RUNE ZIENER
FR 2024/18		Fjerning av bøketre ved Holmedal kyrkje	RUNE ZIENER
FR 2024/19		Votivskip Askvoll kyrkje	RUNE ZIENER
SR 2024/20		Offerlister 2. halvår 2024	RUNE ZIENER

Askvoll, 18.06.2024

Rune Ziener
referent

SR 2024/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SR 2024/14 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 07.05.2024

UTGREIING

Saksnummerering frå møteprotokoll 19.03.2024 er justert i etterkant av protokollutsending, for å få kontinuitet i nummereringa. Det er ikkje føreteke saklege justeringar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 07.05.2024, og tek protokolljusteringane frå møtet 19.03.2024 til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 07.05.2024, og tek protokolljusteringane frå møtet 19.03.2024 til orientering.

SR 2024/15 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2024/11	Vestland Revisjon: <i>Melding frå uavhengig revisor vedkommande skattemelding for meirverdiavgiftskompensasjon</i> (09.02.2024)
M 2024/12	Vestland Revisjon: <i>Revisjonsmelding frå uavhengig revisor</i> (30.04.2024)
M 2024/13	Bjergvin biskop: <i>Holmedal kyrkje, Askvoll. Rullestolrampe</i> (11.06.2024) og orientering om status for rehabiliteringsprosjektet.
M 2024/14	Bemanningssituasjonen ved Askvoll kyrkjekontor (Ikkje offentleg orienteringssak)
M 2024/15	Torill Olsen: <i>Vatningsanlegg Askvoll kyrkjegard</i> (24.05.2024)
M 2024/16	Kyrkjelydsutvalet i Askvoll: <i>Møtereferat</i> 17.06.2024
M 2024/17	Kyrkjelydsutvalet i Holmedal: <i>Møtereferat</i> 17.06.2024

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande merknader:
Til M-sak 2024/13: Ein ber om synfaring på Holmedal kyrkje saman med SWECO før restarbeidene på Holmedal kyrkje tek til.

Til M-sak 2024/17: Ein kjem tilbake til fornying av lydutstyr i Holmedal og Askvoll kyrkje i budsjettjusteringssak i haust. Tommy Erdal følgjer opp dette med kartlegging av behov og innhenting av tilbud.

FR 2024/16 Budsjettjustering 2024

UTGREIING

Ulike forhold gjer det nødvendig med justeringar i budsjettet for 2024.

DRIFTSBUDSJETT

1) Kyrkjeleg administrasjon

a) Lønn og sosiale utgifter

Denne våren har det vore ei lengre sjukmelding ved kyrkjekontoret, og dette har vorte løyst mellom anna med auke i stillingsprosent i administrasjonen, samt innleige av vikar. Det har og vore føreteke lønnsreguleringar etter HTA 4.2 og 3.4.1 i kyrkjeadministrasjonen.

Forventa utgiftsauke samanlikna med budsjett ligg her på kr 134.000,- for 2024 med slik fordeling:

Fast lønn	95 000
Vikarlønn	10 000
Pensjonsutgifter	17 000
Arbeidsgivaravgift	12 000
SUM	134 000

Grunna sjukmelding vil det vere ein del refusjonar for sjukepengeutbetaling. Refusjonsgrunnlaget utgjer no ca. kr 188.000,- så langt ein kjenner til.

b) Varer og tenester

Ein har hatt utgifter til juridisk bistand, som ikkje var forutsett då opphavleg budsjett vart vedteke.

Pr. 05.06.2024 utgjer desse utgiftene om lag kr 40.000,-, men dette talet vil auke, uvisst kor mykje. Eit estimat kan vere kr 60.000,- totalt, utgiftsført på konsulenttenester.

I opphavleg budsjett er utgift for lisens på HMT-løysinga (Avonova Assist) sett på konto 2700 (konsulenttenester). Denne er meir riktig å utgiftsføre på konto 1950 (avgifter, gebyr, lisensar m.v.).

I justeringsforslaget er denne utgiftsposten på kr 29.000,- flytta, men dette har berre kalkulatorisk effekt og påverkar ikkje resultatet.

Personalforsikringar ligg om lag kr 10.000,- over budsjettet, og her er lagt inn justeringsforslag.

2) Kyrkjer

Orgelservice Vilnes

Det er brukt om lag kr 16.000,- til nødvendig orgelreparasjon til Vilnes kyrkje. Dette var ikkje budsjettetert i VU-planen for 2024. Beløpet tilsvarar uforutsettposten i planen. Ein bør kunne bruke fondsmidlar (disponibelt kr 10.941,-) til Vilnes kyrkje for å delfinansiere orgelservicen. Forslag til bruk, kr 10.000,-.

3) Gravplassar

a) Lønn og sosiale utgifter

Refusjon sjukepengar

Ca. kr 4.000,- ikkje budsjettetert.

b) Varer og tenester

Gjeldande leasingavtale for plenetraktor utløper 31.07.2024.

Det er vurdert ulike alternativ for ei erstatning etter inneverande leasingperiode sitt utløp.

Vidareføring (fornyng) av eksisterande eller ny leasingavtale på ny klippar er betydeleg dyrare enn utløpande avtale. Månadspris på gjeldande avtale er kr 2.094,- (årspris kr 25.123,-), men nytt tilbod ligg på kr 3.814,-/kr 45.769,-. For ny 3-årig avtale med eksisterande klippar vert prisen kr 2.758,-/kr 33.091,-.

Ved ny leasingavtale må ein auke opp årsbudsjettet med om lag kr 8.000 – 21.000,-, som svarer til kr 3.000 - 8.000,- for 2024 etter avtaleperiodens utløp.

Kjøp av maskin er eit alternativ til leasing, men dette krev sjølvstørre kostnad i 2024.

Ein ny klippar kostar ca. kr 98.000,- (svarande til ca. 26 mnd leige).

Kjøp av eksisterande klippar kostar ca. kr 45.000,- (svarande til ca. 17 mnd leige).

Ved kjøp kjem utgifter til service og forsikring i tillegg. Einaste realistiske alternativ ved kjøp, synest å vere kjøp av eksisterande klippar, som her ligg i tilrådinga.

Evt. kjøp av maskin har komme opp som eit aktuelt alternativ til ny leasingavtale sett i samanheng med auka bruk av robotklipparar. T.d. kan ein inngå leasingavtale på satelittstyrt robotklyppar i Holmedal, der ein vil klare å ta alle gangareal/areal i rekkeretningen med éin klippar. Leasingprisen på ein robotklippar er om lag den same som ein har på eksisterande leasingavtale på plenraktoren.

Budsjetterte restmidlar for perioden august og ut året er om lag kr 11.000,-, og om ein vel kjøp framfor vidare leasing må ein finne ytterlegare kr 34.000/87.000,- i finansiering.

Med ein ekstra slik robotklippar i bruk, vil ein óg ha innsparing på bruken av plenraktori.

M.o.t. budsjettet kan ein vente til sesongstart 2025 med å anskaffe robotklippar, og bruke ledige budsjettmidlar til å delfinansiere kjøp av plenraktori.

Forbruk pr. juni 2024 utgjer samla for postane inventar/utstyr og kjøp/leige av maskinar om lag kr 12.000,- over budsjett, i hovudsak grunna nødvendig kjøp av kantklippar/ryddesag. I tillegg til meirkostnad for ny maskinløyning, må ein finne inndecking for dette.

Forslag til justering

Ekstra kjøpt klippar, m.v.	7 000,-
Inventar og utstyr	5 000,-
Kjøp av eksisterande Rider (tilleggsfinansiering)	34 000,-
Sum auke	<u>46 000,-</u>

4) Finansieringstransaksjonar

Innanfor budsjettssituasjonen pr. juni, har ikkje kyrkjevevja klart å finne inndecking for samla kostnadsauke (kr 48.000,-) som skissert over.

Ei finansieringsløyning for å balansere budsjettet kan vere bruk av disposisjonsfondet, der ein har budsjettert med netto avsetning kr 53.229,- av driftsoverskotet for 2023, slik at ein står att med kr 15.578,- i disposisjonsfondet etter 2024.

Imidlertid bør ein sjå på alternativ inndecking i løpet av rekneskapsåret.

Forslag til justering

Bruk av ubunde fond kr 48.000,-.

Samla justeringsforslag driftsbudsjettet 2024

30100.200.04100.000	95000	
30200.200.04100.000	10000	
30930.200.04100.000	17000	
30990.200.04100.000	12000	
31850.200.04100.000	10000	
31950.200.04100.000	29000	
32700.200.04100.000	60000	
32700.200.04100.000		-29000
37100.200.04100.000		-188000
DELSUM ADM	<u>233000</u>	<u>-217000</u>
39500.200.04200.000	-	-10000
DELSUM KYRKJER	<u>0</u>	<u>-10000</u>
32000.200.04300.000	5000	
32200.200.04300.000	7000	
32200.200.04300.000	34000	
37100.200.04300.000		-4000
DELSUM GRAVPLASS	<u>46000</u>	<u>-4000</u>
39400.200.08900.000		-48000
DELSUM FINANSIERINGSTRANS.	<u>0</u>	<u>-48000</u>
TOTALSUM	<u>279000</u>	<u>-279000</u>

INVESTERINGSBUDSJETTET

Ein står att etter 2023 med udekket finansiering kr 452.806,- i investeringsrekneskapen.

Rekneskapsvedtaket i soknerådet frå mai 2024 seier:

«Her må ein kartlegge kor mykje ein kan bruke av bundne fond, og søkje resten av kommunen.»

Det er ikkje budsjettert med noko inndekking i 2024 i vedteke budsjett.

Kr 412.906,- av meirforbruket i 2023 er knytt til rehabiliteringsprosjektet i Holmedal kyrkje.

Ein bør bruke tilgjengelege fondsmidlar her for å delfinansiere dette.

Moglege fondsmidlar ein kan bruke

Bunde fond, Holmedal

Maling Holmedal	-23100	Gåvemidlar gitt for å pusse opp kyrkjebygget
Holmedal kyrkje	-174235	Gåver og offermidlar gitt til Holmedal kyrkje utan spesifikt formål
SUM	<u>-197335</u>	

Med ein slik betydeleg fondsbruk, vil ein framleis ha igjen ein god del fondsmidlar knytt til Holmedal kyrkje. Samla fond utanom dette (gitt til orgel, kyrkjeklokker og inventar) utgjer kr 835.340,-, men desse midlane er øyremerkta, og kan ikkje brukast til

rehabiliteringsprosjektet.

Om ein vel å bruke fondsmidlar etter tabellen over, vil ein framleis ha udekka i investeringsrekneskapan pr. 2023 kr 255.471,- som ein i samsvar med rekneskapsvedtaket for 2023 må søke kommunen om inndekking for.

Justeringsforslag:

49500.200.08900.000.7000		-197335,-
48300.200.08900.000.7000		-255471,-
45300.200.08900.000.7000	452806,-	
SUM	452806,-	-452806,-

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i driftsbudsjettet for 2024 som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i investeringsbudsjettet for 2024 som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja, og søker Askvoll kommune om ekstra løyving kr 255.471,- for å dekke inn rest av meirforbruket i 2023.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i driftsbudsjettet for 2024 som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i investeringsbudsjettet for 2024 som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja, og søker Askvoll kommune om ekstra løyving kr 255.471,- for å dekke inn rest av meirforbruket i 2023.

FR 2024/18 Fjerning av bøketre ved Holmedal kyrkje

UTGREIING

Kyrkjelydsutvalet i Holmedal har påpeika (sjå referat frå møte 30.08.2023) at dei to bøketrea ved inngangen til Holmedal kyrkje «*no er blitt alt for store med fare for at dei kan gjere kyrkjegardsmuren ustabil. I tillegg skjuler dei det fine (nyoppussa) inngangspartiet til kyrkja.*».

Soknerådet bør vurdere om desse skal verte fjerna.

Ei generell haldning er at gamle tre bør takast vare på, og fjerning av tre er eit søknadspliktig tiltak, jf. gravplassloven § 4, og statsforvaltaren skal godkjenne slike tiltak. Dei skriv i si rettleiing om vegetasjon på gravplassar at døme på søknadspliktige tiltak er «*fjerning av karakterdannande vegetasjon som alléar, store enkelttre og romdannande vegetasjon*».

Det kan vere fleire gode grunnar til å ta vare på gamle tre, og desse må vegast opp mot ulempene med å ta vare på dei. Tre på gravplassene utgjer ein viktig miljøfaktor, og har ofte stor symbolsk og dekorativ betydning mellom anna ved å skape ein lun og god atmosfære. Gamle tre har også store historiske verdiar.

Av ulemper kan nemnast at gamle tre kan utgjere potensiell skaderisiko ved velting eller at større greiner brytast laus. Store rotsystem kan føre til driftsmessige problem, t.d. med graving av graver og at dei veks inn i murkonstruksjonar etc. Vegetasjon med mykje lauv nær bygningar kan óg vere uheldig m.o.t. råteskadar på bygget, då lauvverket kan hindre sollys i å slippe til bygget, og fukten vert verande på byggkonstruksjonen.

Ofte er det nødvendig at det vert føreteke ei vurdering av arborist før ein fjernar tre med verneverdi.

Foto frå Kirkebyggdatabasen

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd set i gang ein prosess der ein vurderer om bøketrea ved Holmedal kyrkje kan fjernast.
2. Kyrkjeverja følgjer opp dette, i første omgang i dialog med statsforvaltaren.

MØTEHANDSAMING

Forslag frå Frida Melvær sett fram i møtet om å endre ordlyd i innstillingspunkt 1 til "bør fjernast".

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd set i gang ein prosess der ein vurderer om bøketrea ved Holmedal kyrkje bør fjernast.
2. Kyrkjeverja følgjer opp dette, i første omgang i dialog med statsforvaltaren.

FR 2024/19 Votivskip Askvoll kyrkje

UTGREIING

Soknerådet har fått ei henvending frå ein person som ønskjer å gje eit sjølvbygga modellskip i gåve til Askvoll kyrkje, til oppheng som votivskip.

Skipet er ein modell av "Norske Løve", som var eit krigsskip i den dansk-norske flåten, sjøsett i 1735.

Etter vedlagde fotografi å dømme, synest skipet å vere eit fint utført arbeid, og det kan passe fint å få inn eit votivskip i kyrkjerommet i Askvoll, i og med at ein ikkje har eit slikt pr. i dag.

Godkjenning av nytt inventar i kyrkjerommet er lagt til biskopen, jf. kirkeordningen § 20 og inventarreglane §§ 24 og 26.

INNSTILLING

- Askvoll sokneråd ønskjer å henge opp denne skipsmodellen som votivskip i Askvoll kyrkje.
- Søknad om installasjonen vert sendt Bjørgvin biskop til godkjenning.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

- Askvoll sokneråd ønskjer å henge opp denne skipsmodellen som votivskip i Askvoll kyrkje.
- Søknad om installasjonen vert sendt Bjørgvin biskop til godkjenning.

SR 2024/20 Offerlister 2. halvår 2024

UTGREIING

Gjeldande offerliste går t.o.m. 23.06.2024, og må verte forlenga.
Vedteke gudstenesteplan for 2. halvår 2024 er sendt ut til kyrkjelydsutvala for oppsett av offerformål.

Endeleg forslagsliste vil verte lagt fram i møtet.

Kirke	Dato	Tid	Offerformål
Askvoll kyrkje	23.06.2024	17:00	Laurdagsklubben i Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	07.07.2024	17:00	Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet
Askvoll kyrkje	21.07.2024	17:00	Kirkens SOS i Bjørgvin
Askvoll kyrkje	01.09.2024	11:00	Kyrkjelydsarbeid
Askvoll kyrkje	22.09.2024	17:00	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	06.10.2024	11:00	KFUM/KFUK Sogn og Fjorande
Askvoll kyrkje	20.10.2024	17:00	Tv aksjonen
Askvoll kyrkje	03.11.2024	11:00	Ikkje offer Helgemesse
Askvoll kyrkje	01.12.2024	17:00	Leger Uten Grenser
Askvoll kyrkje	24.12.2024	16:00	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	31.12.2024	16:00	Askvoll kyrje
Bulandet kapell	21.07.2024	10:15	Indremisjonsforbundet
Bulandet kapell	18.08.2024	10:15	Kirkens Bymisjon Bergen
Bulandet kapell	22.09.2024	10:15	Bulandet kapell
Bulandet kapell	20.10.2024	10:15	TV-aksjonen
Bulandet kapell	24.11.2024	10:15	Kirkens SOS i Bjørgvin
Bulandet kapell	25.12.2024	10:15	Kirkens Nødhjelp
Vikastølen	23.06.2024	11:00	Kyrkjelydsarbeid
Holmedal kyrkje	28.07.2024	11:00	Leger Uten Grenser
Holmedal kyrkje	25.08.2024	11:00	Trusopplæringa
Holmedal kyrkje	29.09.2024	15:00	Yngres i Holmedal
Holmedal kyrkje	27.10.2024	15:00	Kirkens Bymisjon Bergen
Holmedal kyrkje	17.11.2024	11:00	Kyrkjelydsarbeid
Holmedal kyrkje	21.11.2024	19:00	Lydanlegg Holmedal
Holmedal kyrkje	08.12.2024	15:00	Holmedal kyrkje
Holmedal kyrkje	24.12.2024	14:00	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	01.01.2025	15:00	Holmedal bedehus
Kvammen kapell	30.06.2024	11:00	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Kvammen kapell	04.08.2024	19:00	Teigen Leirstad
Kvammen kapell	08.09.2024	11:00	Trusopplæringa
Kvammen kapell	06.10.2024	19:00	TV-aksjonen
Kvammen kapell	03.11.2024	19:00	Norsk kyrkje i utlandet. Sjømannskyrkja
Kvammen kapell	01.12.2024	11:00	Kyrkjebladet
Kvammen kapell	20.12.2024	00:00	Ikkje offer (skulegudsteneste)
Kvammen kapell	24.12.2024	14:00	Kirkens Nødhjelp
Stongfjorden kapell	25.12.2024	17:00	Kirkens Nødhjelp
Vilnes kyrkje	07.07.2024	11:00	Redd Barna

Vilnes kyrkje	01.09.2024	13:30	Nesholmen Leirstad
Vilnes kyrkje	29.09.2024	11:00	Kyrkjeblad for Askvoll
Vilnes kyrkje	27.10.2024	11:00	Tv aksjonen
Vilnes kyrkje	24.11.2024	15:00	Det Norske Bibelselskap
Vilnes kyrkje	24.12.2024	11:30	Kirkens Nødhjelp

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 2. halvår 2024 slik det går fram av forslaga frå kyrkjelydsutvala.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 2. halvår 2024 slik det går fram av forslaga frå kyrkjelydsutvala, samt forslaga sett fram i møtet.